



Rafdal
5590 ETNE

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo.

Vår ref: SHR

Dykkars ref:

Rafdal 01.02.11

Fråsegn til "Lov om elsertifikat"

Vi syner til høyringsnotat av 8.12.2010 om "Lov om elsertifikat".

Rafdal Energi AS er glad for at det etter mange års tvil og tru endeleg ligg føre eit lovframlegg for elsertifikat. For andre gang, **24.11.2004** Utkast til lov om pliktige elsertifikat på høring. Høyringsfrist 01.02.2005. (Alle kraftverk med byggjestart 01.01.2004 er med).

Produksjon som har rett til elsertifikat

Vi er glade for at lovutkastet legg opp til teknologinøytralitet. Det vi er mindre nøgde med er overgangsordninga som vart fastsett med verknad frå 26. november 2009. Overgangsordninga omfattar alle kraftverk med byggjestart etter 7. september 2009. Omfatta av ordninga vert også vasskraftverk med byggjestart etter 1. januar 2004 og installert effekt inntil 1 MW.

I grunngjevinga for overgangsordninga seier Olje- og energiminister, Terje Riis-Johansen følgjande:

"Jeg er opptatt av å sikre fortsatt bygging av fornybar energi fram til et felles elsertifikatmarked med Sverige er etablert. Forutsigbarhet for kraftselskap og grunneiere er viktig, og overgangsordningen som i dag presenteres bidrar til det, sier olje- og energiminister Terje Riis-Johansen."

Å bruke påstanden om "forutsigbarhet" for overgangsordninga er å tøyne meininga med ordet "forutsigbarhet" vel langt. Etter tydelege signal, som Olje- og energiminister Einar Steensnæs, korn med i stortingsmelding nr. 18 (2003-2004), og pressemelding med lovnad om at produksjon med byggjestart etter 1. januar 2004 skulle få høve til å vere med i ordninga, er det eit **stort** lovnadsbrot at ikkje alle vasskraftverk får vere med i ordninga frå denne datoen. No er det ein annan koalisjon som har regjeringsmakta, og den treng sjølv sagt ikkje vere bunden av føregåande regjeringar, men eg vil minne om komiteen si handsaming av stortingsmelding nr. 18 (2003-2004):

Historikk – politiske løfter

19.12.2003 St.meld.nr. 9 (2002-2003) Stortinget ba regjeringen ta initiativ til felles norsk-svensk grønt sertifikatmarked og legge fram konkret forslag våren 2004.

14.05.2004 St.meld nr. 18 (2003-2004) : Innstilling frå energikomiteen om forsyningssikkerheten for strøm mv.

Grønne sertifikater: Side 13: -skal tre i kraft fra **1. januar 2006** - - avgjørende viktig at investering i ny fornybar energi ikkje stopper opp, viser til pressemelding frå Steensnæs og sluttar seg til den:

"Jeg vil understreke at de som bygger ut kraftproduksjon ikke skal tape på det ved en innføring av et marked for grønne sertifikater. Sertifikatberettigede anlegg for elektrisitetsproduksjon med byggestart etter 1.januar 2004 vil ha mulighet til å delta i et system for grønne sertifikater, selv om et slikt system måtte bli etablert etter dette tidspunkt".

AP, SV og SP hadde i tillegg forslag om at sertifikatordninga måtte framskyndes og innføres 01.01.2005. Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet har merket seg den usikkerheten som har oppstått ved at Regjeringen har utsatt innføringen av et grønt sertifikatmarked til 2006. Disse medlemmer viser til at et flertall på Stortinget flere ganger har understreket viktigheten av å få innført et pliktig grønt sertifikatmarked for ny fornybar energi, og mener at det bør innføres tidligere enn 1. januar 2006.

Disse medlemmer mener dette bør kunne iverksettes, om mulig ett år tidligere, fra 1. januar 2005.

Disse medlemmer foreslår:

"Stortinget ber Regjeringen legge frem det nødvendige lovforslag om innføring av et pliktig norsk-svensk sertifikatmarked så snart som mulig. Alle anlegg med byggestart etter 2004 og som kvalifiserer for det, må kunne omfattes av ordningen."

24.11.2004 Utkast til lov om pliktige elsertifikat på høring. Høringsfrist 01.02.2005. (Alle kraftverk med byggestart 01.01.2004 er med).

13.05.2005 Elsertifikater. Norske og svenske utredninger.

Hausten 2005 Ny regjering. Samme partiene som ville framskynde innføring av sertifikatordningen.

27.02.2006 Brudd i forhandlingane med svenskane.

07.12.2007 Nye samtaler med Sverige om grønne sertifikat til fornybar energi .

03.03.2008 Statssekretær Guri Størvold i Olje og energidepartementet bekrefter i mail til Egil Berge at ordninga med tilbakevirkande kraft, slik den framstår i St.meld.nr. 18 (2003-2004), står fast.


"Du kan ta det helt med ro. Det som er sagt fra tidligere statsråder og i stortingsmelding nr. 11 om at anlegg satt i drift etter 1.1.2004 skal kunne komme inn i ordningen med grønne sertifikat hvis de ellers tilfredsstillt kravene, står fast."

07.09.2009

Like før stortingsvalget Enig med svenskene om prinsippene for et felles sertifikatmarked fra 01.01.2012.

Alt dette er med på å underbygge den politiker forakten som er på full fart inn i folket. Der ingen bryr seg om kva politikkarne meiner, for det held nesten aldri mål. Skal næringslivet våge og satsa, og lage arbeidsplasser, spesielt ute i distrikta, må ein ha stabile retningslinjer, som er langsiktige og er til og stole på.

Med vennlig helsing.



Svein Henning Rafdal
Daglig leder Rafdal Energi AS